

Olje- og energidepartementet

Postboks 8148 Dep,

0033 Oslo

Nese, 20.02.17

Ole Jakob Nese

Eksingedalsvegen 775

5728 Eidslandet

KLAGE PÅ VEDTAK - AVSLAG PÅ KONSESJONSØKNAD NONSTADGILET KRAFTVERK

Viser til mottatt epost frå NVE datert 01.02.17, Orientering om NVEs vedtak.

Nonstadgilet er eit av 4 prosjekterte kraftverk det vert søkt om konsesjon for, desse inngår i «Vaksdal II-pakken». NVE gjev avslag til alle prosjekta.

I NVE si grunngjeving for avslaget vedr Nonstadgilet kraftverk ser me at det er gjort grundige vurderingar av ulike moment, men som grunneigarar meiner me at det er gjort feilvurderingar på ei rekkje av punkta i NVE si grunngjeving for avslaget.

«En samlet behandling av sakene er valgt for å gjøre det enklere for NVE å vurdere samlet belastning av de konsesjonssøkte tiltakene og gi en mer helhetlig oversikt over fordeler og ulemper for allmenne interesser. Samlet høringsutsendelse av sakene gjør det også lettere for høringsparter å vurdere sakene opp mot hverandre og gi mer grundige innspill på samlet belastning. Under behandling av de 4 søknadene i Vaksdal II - pakken har NVE vurdert hver enkelt sak for seg og vurdert sumvirkningene av eksisterende og nye utbygginger der hvor NVE har funnet dette relevant. Etter en helhetsvurdering av planene og de foreliggende uttalelsene mener NVE at ulempene ved bygging av Fjellfossen, Steinsedalselvi, Leirofossen og Nonstadgilet kraftverk er større enn fordelene. Kravet i vannressursloven § 25 er ikke oppfylt for noen av disse sakene, og søknadene fra NGKUtbygging AS og Norsk Vannkraft AS avslås.»

- At Nonstadgilet vert vurdert samla saman med dei 3 andre kraftprosjekta verkar noko meiningslaust så lenge dei 3 andre ligg samla (Eidsland), medan Nonstadgilet ligg eit godt stykke unna (Nese, Eksingedalen). Dei ulike vassdraga kjem heller ikkje i befatning med kvarandre. Punktet vedr «samla belastning» er såleis ikkje relevant i denne samanhengen, anna enn at alle 4 prosjekt er samla i ei «pakke».

- NVE tillegg ikkje private interesser nokon form for vekt i sitt avslag. Det vert her peika utelukkande på ulemper for allmenne interesser, noko me finn underleg, då det berørte området slik me ser det ikkje har noko større verdi for allmenne interesser :
 - Utilgjengeleg, ligg på veglaus side av elva (privat skogsveg stengt med bom)
 - Vert ikkje brukt til nokon form for rekreasjon eller turgåing/turisme. Ligg innafor eit mindre bestandsområde for villrein, men reinsdyra bruker ikkje dette området, som ligg heilt i randsona. Viser her til uttale frå Villreinnemda. Dei to bekkane som vert omfatta av utbygginga er stort sett fullstendig tørrlagte i sommarhalvåret, noko som også var tilfellet dagen for synfaringa.
 - Visuelt vert eventuelle inngrep i det som vert betegna som «sårbart høgfjellsområde» kun synleg i perioden mai-oktober frå gardstunet på Nese. Resten av året er lia dekkja av snø. Dette gjeld også området som er skogkledd i nedste del av lia. Her ligg det snø halve året, ellers vil dette verte usynleg grunna tett skogvekst. Frå Fv 344 og garden Nese er det kring 2 km i luftlinje til det eksponerte området øvst i denne lia.
 - Vegen det er snakk om vil ikkje vere open for ferdsel utanom kontroll av anlegg. Tilkomst til denne vegen kan kun skje via privat skogsveg som er stengt med bom. Me merkar oss at fleire har innsigelsar mot bygging av veg, og meiner at bygging av anlegg utan veg kunne vore stilt som eit krav ovanfor utbyggjar som avbøtande tiltak. Ein slik veg vil uansett ikkje vere til noko større nytte for grunneigarane då området denne skal gå i ikkje har noko større bruksverdi.

NVE seier vidare i sitt avslag at sjølv om både Vaksdal kommune og hordaland fylkeskommune kan tilrå utbygging, set dei fram krav om at inngrepa ikkje gjev «varige sår i landskapet». Både kommunen og fylkeskommunen, endåtil Fylkesmannen har lista opp eit eller fleire forslag/krav til avbøtande tiltak me meiner NVE ikkje har teke omsyn til. Utbyggjar har sagt seg einig i alle innspel om avbøtande tiltak, utan at dette har blitt tillagt noko vekt. Dei ulempene NVE vektlegg som avgjerande i dette høvet kan me ikkje sjå er av ein slik art at dei vil kunne vere til hinder for gjennomføringa av prosjektet.

Ein del av grunneigarane sine fallrettar i området vart selde i 1917. Fallet Nonstadgilet er saman med fallet i største delen av hovudelva under garden ikkje selde. NVE gav likevel BKK konsesjon til å byggje Myster kraftverk og nytte Nesvatnet i elva Ekso som magasin utan at dette vart ekspropriert. Det verkar difor ganske urimeleg for oss som er eigarar av fallrettarne i området at ein ikkje får nytte eigne fall til kraftproduksjon, medan andre får innvilga søknader som medfører mykje større inngrep i landskapet enn det som her er snakk om.

Vonar med dette at NVE/OED vil ta omsyn til desse innspela og revurdere si avgjerd basert på dette.

Med venleg helsing

Ole Jakob Nese, på vegne av Nese sameiga.

